



Bygget på stemneplassen treng vedlikehald.

Arbeidet med å få friluftslaget og stemneplassen opp og gå, går vidare. Det vert no kalla inn til nytt møte onsdag 23.april. På dette møtet vil det bli lagt fram tilstandsrapport for bygget. Det vert og arbeidd med å finne kandidatar til styret. Det er viktig at alle medlemslaga stiller med representantar på møtet.

Styret har sendt ut følgjande innkalling:

Uskedal Friluftlag minner om neste møte på Stemneplassen onsdag 23. april kl. 20. På drøftingsmøte 25. mars vart ein samde om:

- Å finna kandidatar til nytt styre
- Å leggja fram ein tilstandsrapport for sjølve bygget,- betongplata, møterommet m/ kjøkken og toaletta.

Dei 10 medlemslaga vert med dette på nytt kalla inn til møte. Styret vonar på minst like godt frammøte som sist og at alle melder tilbake frå drøftingar i organisasjonane. Det er viktig å koma eit steg vidare og at det vert lagt eit godt grunnlag for vidare tilsyn og drift av Stemneplassen.

Styret



[Vert det snart aktivitet att på den vakre stemneplassen?](#)

Nett og foto: Thor Inge Døsland.